

Pre-aktiv strafferett

Erling Johannes

Husabø, cand. jur.

1986 (UiB), dr. juris i

1994 på avhandlingen

«Rett til sjølvvalt livsavslutning?».

Professor ved Det

juridiske fakultet, UiB, fra

1998. Prodekanus II

samme sted 1999–2001.

Utgav i 1999 boken *Straff-*

ansvarets periferi; *Med-*

verking, forsøk, færebuing.

Professor Erling Johannes Husabø

Ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen, er det starta opp eit forskingsprosjekt kalla «Pre-aktiv strafferett». Prosjektet vert støtta av Norges Forskningsråd. Prosjektleder, professor Erling Johannes Husabø, gjer her greie for hovudtankane bak prosjektet.¹

1 Introduksjon

Dei seinare åra har strafferetten fått stadig aukande merksemd både i media og i den politiske debatten. Storting og Regjering reknar tydeleg strafferetten som ein viktig reiskap for å påverka

¹ Nærare informasjon om prosjektet finn ein på nettsida http://www.jur.uib.no/ansatte/joreh/Temasider/Temaside_3.html

uheldige tendensar i samfunnet. Det internasjonale samarbeidet mot kriminalitet har dessutan skote fart, og resulterer i ulike former for konvensjonar og samarbeidsprosjekt. Alt dette gjer at straffelovgivinga, både materielle og prosessuelle reglar, gjennomgår hyppige endringar.

Endringane skjer for det meste i små skritt, som kvar for seg ikkje synest å vera så banebrytande. Men det er også behov for å sjå endringane i samanheng, for å påvisa meir langsiktige og vesentlege tendensar i norsk strafferett. Særleg er det behov for å sjå endringsprosessane innanfor den materielle strafferetten og innanfor straffeprosessen i samanheng. Det er summen av kriminalisering og prosessuelle verkemiddel som avgjer kor effektivt styresmaktene kan motverka kriminaliteten. Sameleis blir den enkelte sin rettstryggleik påverka både av korleis straffeboda er utforma og korleis dei blir handheva.

Tradisjonell strafferett er det vi kan kalla «re-aktiv». Etterforskning skjer normalt som respons på allereie utført kriminalitet. Politiet kjem på bana etter at drapet, brannen eller bedrageriet har skjedd. Sanksjoneringa skjer også på grunnlag av det som alt har skjedd. Straffa blir utmålt som reaksjon på (og i rimeleg høve til) den skaden eller krenkinga som lovbrottet har medført. Det same gjeld eventuell inndraging av økonomiske midlar.

I moderne straffelovgiving ser vi ein markert tendens til endring av strafferettens karakter, ved at fokus vert retta inn mot å avdekka og avverja kriminaliteten på førehand, før denne har resultert i fullførte, ofte sterkt skadelege brotsverk. Dei fleste former for kriminalitet har som kjent ulike forstadium, frå den første tanken, via planlegging, organisering, teknisk tilrettelegging osv. og til det endelege brotsverket. Ein strafferett som tek sikte på å møte den kriminelle verksemda allereie på eit slikt forstadium, kan kallast «pre-aktiv».²

Denne endringa av strafferettens karakter viser seg både gjennom ei tiltakande pre-aktiv kriminalisering (2), utvida høve til pre-aktiv etterforskning (3) og ved tendensar til pre-aktiv sanksjonering (4). Endringsprosessen kan sjåast på som ein ekspansjon av tenkjemåtar som vi kjenner frå vernet om «rikets sikkerhet» (5). Ei viktig drivkraft er utviklinga internasjonalt, særleg gjennom EU-strafferetten (6). Ein pre-aktiv strafferett reiser eit sett med nye prinsipielle spørsmål for rettsstaten (7), og stiller den straffettslege forskinga overfor nye, viktige utfordringar (8).

2 «Pre» er ei latinsk forstaving som ofte vert nytta for å indikera noko som tilhøyrrer ein startfase eller kjem i førevegen for noko anna. Vi kjenner det til dømes innanfor medisin i ord som «pre-embryo» og «pre-natal», og innanfor jussen i «preamblel» og «pre-kontraktuelt ansvar».

2 Pre-aktiv kriminalisering

Innanfor den materielle strafferetten har vi dei siste åra sett ei aukande kriminalisering av førebuingshandlingar, dvs handlingar som blir gjort for å førebu eit brotsverk, men som enno ikkje utgjer noko straffbart forsøk.³ Såleis vart høvet til å straffa avtalar om å gjera brotsverk i 1999 utvida til også å gjelda drap og grov lekamskrenking (§ 233a), samt grov fridoms-krenking (§ 223). Våren 2002 vedtok Stortinget dessutan ei utviding av strl. § 161 slik at det å kjøpa inn våpen i den hensikt å utføra eit alvorleg brotsverk, kan straffast med inntil 10 års fengsel.⁴ Samtidig fekk straffelova egne reglar mot førebuing og finansiering av terrorisme (strl. §§ 147a og 147b).⁵

Tendensen til pre-aktiv kriminalisering avspeglar seg også i strafflegginga av ei rekkje meir konkrete handlingstypar som typisk kan representera ein spire til meir alvorleg kriminalitet. Forbodet mot å bera våpen (våpenlova § 27b andre ledd) eller kniv på offentleg stad (strl. § 352a) er her eit praktisk viktig døme.⁶ Strafferamma for å bera kniv offentleg vart våren 2002 heva til 6 månaders fengsel.⁷ Dette vart av Justiskomiteen karakterisert som «et viktig forebyggende tiltak».⁸

3 Pre-aktiv etterforsking

Innanfor straffeprosessen har nye typar inngripande etterforskningsmetodar gradvis blitt aksepterte, og dei har blitt tekne i bruk for stadig nye typar lovbrøt. Særleg viktig er her dei endringane i straffeprosesslova som vart vedtekne i 1999, etter forslag frå det såkalla Metodeutvalet.⁹ Heimelen for telefonavlytting vart utvida til å gjelda alle typar saker med ei strafferamme på minst 10 år (strpl. § 216a). Det vart samtidig opna opp for andre typar kommunikasjonskontroll og avlytting (§§ 216b og 216l), hemmeleg ransaking (§ 200a) og hemmeleg beslag (§ 208a). Høvet til bruk av peileutstyr (teknisk sporing) vart dessutan lovfesta (§§ 202b og 202c). Vidare vedtok Stortinget våren 2002 ein permanent heimel for å visitera personar og bilar for skytevåpen og knivar (politilova § 7a), utan at det vert stilt krav om at det er «skjellig grunn til mistanke» om eit straffbart forhold.¹⁰

3 Straffansvaret for førebuing er nærare drøfta i Erling Johannes Husabø, *Straffansvarets periferi; Medverking, forsøk og førebuing*, Bergen 1999 del III.

4 Jf endringslov av 28.06.2002 nr. 53.

5 Jf endringslov av 28.06.2002 nr. 54.

6 Knivforbodet i § 352a vart innført i 1993 og det generelle forbodet mot å bera våpen på offentleg stad i 1988.

7 Jf endringslov av 28.06.2002 nr. 53.

8 Jf Innst.O nr. 62 (2001–2002).

9 Jf NOU 1997: 15 (Etterforskningsmetoder for å bekjempe kriminalitet).

10 Jf endringslov av 28.06.2002 nr. 53.

Det er dessutan grunn til å peika på dei særlege verknadene som ligg i kombinasjonen av utvida kriminalisering av førebuingshandlingar og utvida heimlar for å nytta inngripande etterforskningsmetodar. Utvidinga av strafferamma for å bera kniv på offentlig stad opnar til dømes for bruk av varetektsfengsling i slike saker. Saman med det utvida høvet til visitasjon etter knivar og våpen gir dette politiet eit sett med nye verkemiddel for å førebyggja valdskriminalitet. Eit anna døme er kombinasjonen av straffeansvar for å avtala eller finansiera terrorisme og høve til telefonavlytting og teknisk sporing for å avdekka slik førebuing.¹¹ Til saman inneber det ei vesentleg utviding av politiet sine heimlar til å overvaka mistenkelege personar og miljø.

Straffeboda mot førebuingshandlingar stiller dessutan gjennomgåande langt mindre krav til ytre handling enn tradisjonelle straffebod. Dermed er det nærliggjande å tru at det også vil vera lettare å få gjennomslag hjå domstolane for at kravet om «skjellig grunn til mistanke» er oppfylt. Det er grunn til å tru at fleire straffebod mot førebuingshandlingar først og fremst har den funksjonen å opna for pre-aktiv etterforsking.

For tida vurderer eit eige utval dessutan om ein bør utvida høvet til å nytta inngripande etterforskningsmetodar til nye saksområde eller nye metodar (til dømes romavlytting).¹² Utvalet skal også vurderer om bruken av slike metodar bør fråkoplast det tradisjonelle vilkåret om «skjellig grunn til mistanke» om eit straffbart forhold. Dette vil innebera ei ytterlegare utviding av høvet til pre-aktiv etterforsking.

4 Pre-aktiv sanksjonering

Den pre-aktive kriminaliseringa (jf punkt 2 frammanfor) medfører at ein kan straffa forbrytarar lenge før dei har utført eller forsøkt å setja i verk det eigentlege brotsverket. I den grad straffa får form av fengselsstraff, medfører dette ei effektiv uskadeleggjering av forbrytaren, i alle fall for ein periode. Noko av den same verknaden kan ei inndraging av økonomiske midlar ha, særleg dersom ein nyttar strl. § 34a om utvida inndraging.

Som ledd i omskiftet mot ein meir pre-aktiv strafferett har det dessutan vakse fram nye former for tiltak mot potensielle lovbrutarar, som ikkje blir kalla straff, men som har mange av dei same verknadene. Eit dramatisk døme på dette er den preventive innesperringa («detention») av mistenkte internasjonale terroristar

11 Strafferamma for å avtala terrorisme er 12 år (§ 147a, 3. ledd), medan finansiering kan straffast med inntil 10 års fengsel (§ 147b). Dette opnar for både telefonavlytting (strprl. § 216a) og alle former for teknisk sporing (strprl. §§ 202b og 202c).

12 Utvalet er sett til «å utrede og fremme forslag til regler om politiets bruk av metoder i forebyggende øyemed», jf Kgl. res. av 06.06.01.

som for tida finn stad i Storbritannia. 8–10 slike personar har sete innesperra i fengsel i meir enn eit år, under strengt vakthald.¹³ Både den preventive effekten for samfunnet og inngrepet overfor dei mistenkte er her av same karakter som vanleg fengselsstraff.

I norsk rett har vi fått heimel for å bandleggja dei økonomiske verdiane til personar som er mistenkte for å finansiera terrorisme, jf strpl. §§ 202d-202g.¹⁴ Sjølv om bandlegginga skal vera mellombels, kan tiltaket ha dramatiske konsekvensar for den mistenkte sin økonomi og dermed også for privatlivet hans. Ein annan effektiv og inngripande sanksjon er å utvisa personen frå landet. Tradisjonelt har det (med unntak for saker om «rikets sikkerhet») vore eit vilkår for utvising at personen er domfelt for eit straffbart forhold. Men no ligg det føre eit forslag om å utvida høvet til utvising til også å gjelda der det er skjellig grunn til *mistanke* om eit alvorleg straffbart forhold, eller «konkrete holdepunkter» for at utlendingen planlegg eit alvorleg lovbrøt.¹⁵ Denne regelen skal gjelda for borgarar av land som ikkje er med i Schengen-avtalen, og vil medføra utvising frå heile Schengen-området.

5 Ekspansjon av og frå området for «rikets sikkerhet»

Den generelle tendensen mot ein meir pre-aktiv strafferett kan sjåast på som ein ekspansjon av den tenkjemåten som lenge har prega det strafferettslege vernet om «rikets sikkerhet». På dette området har det frå gammalt blitt rekna som særleg viktig å koma den alvorlege kriminaliteten i forkjøpet. Straffelova kap. 8 og 9 går såleis vesentleg lenger enn straffelova elles i å kriminalisera førebuingshandlingar, jf særleg §§ 94 og 104. Ei rekkje av dei meir konkrete handlingsreglane i desse kapitla tek dessutan sikte på å råka typiske former for førebuing til åtak på statsforfatninga eller andre sider ved landet sin tryggleik. Spionasjereglane i §§ 90 og 91 står her sentralt, og må dessutan sjåast i samanheng med det heilt generelle forbodet mot førebuing av spionasje i lov om forsvarshemmeligheter frå 1914.

På dette området av strafferetten er det også lang tradisjon for å tillata fleire og meir inngripande etterforskningsmetodar enn elles. Allereie i 1914 gav såleis lov om forsvarshemmeligheter høve til varetektsfengsling på svakare vilkår enn elles i strafferetten. Og gjennom lov av 24.06.1915 nr. 5 fekk vi dei første lovreglane om kontroll av post og telegram, som var avgrensa til «rikets

13 Innesperringa har heimel i The Anti-Terrorism, Crime and Security Act 2001 kap. 4. Sjå nærare omtale hjå Helen Fenwick, *The Modern Law Review* 2002 s. 724–762.

14 Vedtekne ved endringslov av 28.06.2002, saman med dei før nemnde terrorreglane.

15 Jf Høyringsnotat frå Kommunaldepartementet av 07.08.02, som er nærare diskutert av Erling Johannes Husabø i *Lov og Rett* 2002 s. 321–322.

sikkerhet». Etter ei lovendring i 1950 og forskrifter frå 1960 fekk vi på dette området også dei første reglane som gav heimel for telefonavlytting. Saman med overvakinginstruksen gav dette regelverket grunnlag for ei forholdsvis omfattande overvaking av statsfiendtlege eller særleg politisk radikale grupperingar, jf rapporten frå Lund-kommisjonen.¹⁶

Ekspansjonen av den pre-aktive strafferetten har i særleg grad kome til syne etter 11. september 2001, gjennom ei omfattande utvikling av nye «terror-reglar», både internasjonalt og nasjonalt. Gjennom Tryggingrådet sin resolusjon 1373 (28.09.01) har alle land fått folkerettsleg bindande påbod om å kriminalisera planlegging, førebuing og finansiering av terrorisme. Samtidig vart det gitt påbod om bandlegging av dei økonomiske verdiane til personar som er involvert i å finansiera terrorisme. Dette vart følgt opp nasjonalt i form av ei provisorisk anordning av 05.10.2001 og med dei før omtala lovreglane om terrorisme våren 2002. Samtidig vart det tradisjonelle høvet til å utvisa personar på grunnlag av mistanke om brotsverk mot «rikets sikkerhet», utvida til også å gjelda mistanke om terrorisme.¹⁷

Også elles synest det klart at det tradisjonelle skiljet mellom saker om «rikets sikkerhet» og andre straffesaker, er i ferd med å bli mindre tydeleg. Trusselen frå fiendtlestilte statar er blitt vesentleg mindre. Fokus er blitt flytta over mot faren for terrorisme og andre farar som det teknologibaserte samfunnet vårt er utsett for. Dette har mellom anna kome til uttrykk i den offentlige utgreiinga frå det såkalla Sårbarhetsutvalget (NOU 2000: 24). Også andre former for organisert kriminalitet, t d ulovleg handel med radioaktivt materiale eller farlege bakteriar, kan representera ein massiv trussel mot vår felles tryggleik. Ofte ser ein dessutan at organisert kriminalitet også meir generelt vert sett på som ein fare for vitale samfunnsinteresser.¹⁸ Ein slik synsmåte er med på å støtta under ønsket om meir pre-aktiv etterforskning, kriminalisering og sanksjonering.

6 Internasjonalt perspektiv

Dei farane for samfunnet som styresmaktene søker å motverka gjennom ein pre-aktiv strafferett, er i sin karakter ikkje avgrensa til vårt land. Globaliseringa gjer seg i fullt mon også gjeldande på området for terrorisme og annan samfunnsfarleg kriminalitet. Mykje av utviklinga mot ein meir pre-aktiv strafferett skjer difor etter

16 Dok. Nr. 15 (1995–96).

17 Jf utlendingslova § 29 første ledd bokstav e), innført ved endringslov av 28.06.2002 nr. 54.

18 Dette er såleis noko av grunngevinga for det før omtalte forslaget om å kunna utvisa personar på grunn av mistanke om alvorlege straffbare forhold meir generelt (jf punkt 4 frammanfor).

førebilete frå andre land, og gjerne etter påtrykk gjennom internasjonale fora, slik terror-reglane er eit særleg tydeleg døme på.

I Europa er det justispolitiske samarbeidet innanfor EU's «tredje søyle» ei drivande kraft i utviklinga. Sjølv om dette fell utanfor EØS-avtalen, påverkar det norsk strafferett i tiltakande grad. Gjennom Schengen-avtalen har dei indre grensene mellom Schengen-landa fått mindre å seia, medan kontrollen med dei ytre grensene er blitt styrkt. Vi har gått inn i eit omfattande samarbeid for å motarbeida kriminaliteten innanfor Schengen-området, mellom anna gjennom eit felles datanettverk med opplysningar om mogelege kriminelle (Schengen informasjonssystem). Schengen-avtalen forpliktar oss dessutan til å gjennomføra nye EU-reglar som EU definerer som ein del av Schengen-samarbeidet.¹⁹ Og gjennom ei tilslutningsavtale med Europol (2001) har vi slutta oss til eit forpliktande europeisk samarbeid om kriminaletterretning og informasjonsutveksling på sentrale område for internasjonal, organisert kriminalitet.

Den raske og dynamiske utviklinga som for tida skjer innanfor EU, byggjer på prinsippet om «gjensidig anerkjennelse» av rettslege og påtalemessige avgjerder i andre EU-land. På liknande måte som ein i dag legg til grunn og handhevar avgjerder som er treft i eit anna politidistrikt eller ein annan rettskrins i eige land, skal ein for framtida handheva avgjerder treft innanfor andre EU-land. Eit heilt nytt regelverk om ein «europeisk arrestordre», vil frå 01.01.2004 erstatta og vesentleg forenkla noverande reglar om utlevering, samt pågriping og varetekstfengsling for dette føremålet.²⁰ Sameleis er det kome forslag til ei rammeavgjerd om iverksetjing av pålegg om å bandleggja ting som skal nyttast som bevis eller verdier som ein planlegg å inndra på eit seinare tidspunkt.²¹ I utkastet som no ligg føre, blir det ikkje stilt noko minstekrav til kva mistankegrunnlag slike avgjerder må byggja på for at andre land skal vera forplikta til å handheva dei. Dersom reglar av denne typen får fullt gjennomslag innanfor EU, vil difor preaktive etterforskingsskritt i andre land måtta handhevast også av land som (for eigen del) stiller strengare krav for å nytta denne typen verkemiddel.

Dei norske styresmaktene har så langt vist stor vilje til å slutta seg til og tilpassa seg nye avtalar og verkemiddel innanfor EU i kampen mot alvorleg, internasjonal kriminalitet. Slik det justis-

19 Forslaget om å kunna utvisa ikkje-Schengen-borgarar på mistankegrunnlag, jf punkt 4 framfor, er eit døme på dette. Dette byggjer på EF-direktiv 2001/40.

20 Council Framework Decision of 13 June 2002 on the European arrest warrant and the surrender procedures between Member States (2002/584/JHA).

21 Jf Council of the European Union, doc. 11544/2/02, REV 2 (Draft Framework Decision on the execution in the European Union of orders freezing property or evidence), datert 30.10.02.

politiske samarbeidet innan EU utviklar seg for tida, er det difor grunn til å tru at tendensen til pre-aktiv kriminalisering og etterforsking vil stå sentralt i debatten om norsk tilslutning til framtidige nyordningar innanfor EU.

7 Nye prinsipielle utfordringar for strafferetten

Den endringa av strafferetten sin karakter som her er skildra, stiller samfunnet overfor ei rekkje nye prinsippspørsmål, som har med rettsstaten og borgarane sin rettstryggleik å gjera.

Eit sentralt problem ved pre-aktiv kriminalisering er det kravet til tydeleg straffeheimel som ligg innebygd i *legalitetsprinsippet*. Mange av dei handlingane som typisk inngår i førebuinga av kriminell verksemd er ganske daglegdagse handlingar som isolert sett ikkje skil seg klart frå fullt legitim verksemd. Difor reduserer ein gjerne på straffebodet sitt krav til ytre handling og stiller heller meir spesifikke krav til det forbrytarske forsettet, slik terrorreglane er eit tydeleg døme på. Dermed gir straffereglane mindre tydelege signal om kva handlingar som kan medføra straffansvar.

Ei slik subjektivering av straffansvaret kan også gjera det vanskelegare for ein mistenkt å føra motbevis for eiga straffeskuld, noko som aktualiserer prinsippet om at rimeleg tvil skal koma tiltalte til gode. Dette er ein del av den såkalla *uskuldspresumsjonen*, som er forankra både i den europeiske menneskerettskonvensjonen (art. 6.2) og den nasjonale rettstradisjonen.²² Uskuldspresumsjonen vert også stilt under eit betydeleg press der den reelle sanksjoneringa skjer på mistanke-grunnlag, utan at ein kallar det for straff (jf punkt 4 framanfor).

Utviklinga mot å nytta inngripande etterforskningsmetodar på eit stadig tidlegare stadium av den kriminelle verksemda, medfører dessutan auka inngrep i *privatlivets fred*. Når det skal mindre til for å nytta slike metodar, aukar faren for at også uskuldlige vert telefonavlytta eller til dømes undergitt teknisk sporing. Dette reiser viktige spørsmål om kor langt vi som samfunn er villige til å tillata offentleg overvaking og kontroll for å verna om vår felles tryggleik. Det vert også eit spørsmål om kor langt ein i høve til menneskerettane kan gå i å føreta innskrenkingar i retten til respekt for privatlivet.

Erfaring frå området for «rikets sikkerhet» (jf mellom anna Lund-kommisjonen sin rapport) viser at mykje av den pre-aktive etterforskinga ikkje leier fram til tiltale og dom. Dermed vert denne verksemda i mindre grad enn tradisjonell re-aktiv etterforsking gjenstand for *etterfølgjande kontroll* gjennom dom-

22 Jf Jørgen Aall, *Rettergang og menneskerettigheter*, Bergen 1995 kap. V og Asbjørn Strandbakken, *Uskyldspresumsjonen*, «*In dubio pro reo*», Bergen 2001 (doktoravhandling, manuskript).

stolane. Dette reiser viktige spørsmål om kven som skal «kontrollera kontrollørane», – eit spørsmål som i siste omgang rører ved det grunnleggjande prinsippet om maktfordeling og innbyrdes kontroll statsmaktene imellom. Denne problemstillinga kjem i særleg grad på spissen i den grad ein opnar for internasjonalt samarbeid på det pre-aktive stadiet av etterforskinga, til dømes gjennom Europol.²³

8 Behov for strafferettsleg forskning

Omskiftet frå ein re-aktiv til ein (også) pre-aktiv strafferett stiller (straffe)rettsvitskapen overfor ei rekkje nye utfordringar. På den eine sida byggjer denne rettsutviklinga på ein premiss om at pre-aktiv kriminalisering og etterforsking fører til ei meir effektiv motarbeiding av kriminalitet. Denne premissen er det behov for å studera og drøfta nærare. Dette kan dels gjerast gjennom ein nærare analyse av effektivitetsomgrepet og dei føreslåtte tiltaka. Men det er også behov for meir konkrete studiar av korleis allereie vedtekne reglar verkar i praksis, til dømes forbodet mot å bera våpen og kniv på offentleg stad.

På den andre sida er det eit stort behov for å drøfta dei nye formene for kriminalisering, etterforsking og sanksjonering i relasjon til borgarane sitt behov for rettstryggleik, jf frammanfor. Sjølv om samfunnet endrar seg, og dermed også behovet for rettsreglar, må målsetjinga vera å ta vare på dei sentrale prinsippa og verdiane som vi i dag reknar som kjenneteikn på ein rettsstat. Dette kan berre gjerast ved ein fornya analyse av desse prinsippa og korleis dei kan takast vare på i dagens samfunn.

Mellom dei utfordringane som rettsvitskapen her står overfor, er korleis straffereglar som råkar førebuing av kriminalitet kan utformast på ein mest mogeleg tydeleg måte. Eit anna sentralt spørsmål er korleis ein best kan balansera omsynet til pre-aktiv etterforsking mot behovet for vern om privatlivet. Dette kjem ikkje minst på spissen i diskusjonen om det skal stillast krav til mistanke for å nytta inngripande etterforskingsskritt, og kor kvalifisert mistankekravet i tilfelle bør vera. Eit tredje problemområde er korleis ein kan få til ein forsvarleg kontroll med politiet si pre-aktive etterforsking. Dette reiser særleg vanskelege spørsmål der etterforskinga skjer gjennom eit internasjonalt samarbeid.

Samla sett er dette emnet så omfattande at det er nødvendig å etablere ei gruppe av forskarar som arbeider med emnet. Prosjektfinansieringa frå Norges Forskningsråd gir for 2003 rom for å tilsetja ein doktorgradsstipendiat og to juniorstipendiatar (stu-

23 Eit tilfeldig søk på bøker og artiklar om dette emnet gir titlar som «towards an unaccountable «FBI» in Europe», «Justitielle Einbindung und Kontrolle von Europol» og «Democratic control over Europol».

dentar som skriv særavhandling), samt ein vitskapleg assistent. Desse vil bli trekte inn i det frå før etablerte fagmiljøet ved Det juridiske fakultet i Bergen innanfor strafferett, straffeprosess, politirett og menneskerettar. Det vil bli halde jamlege seminar om ulike sider ved den pre-aktive strafferetten. Til desse vil også andre fagkollegaer i og utanfor Norge bli inviterte, som føredrags- haldarar eller deltakarar. Målsetjinga er at prosjektet skal bidra til auka diskusjon om og ei større forståing for strafferetten si rolle i dagens samfunn.